

Lavrans rydda langs elvekanten!

04.03.2017



Lavrans har gjort ein viktig miljøjobb i dag!

Det er viktig at vi tar vare på miljøet! Bevisstgjering når det gjeld dette er viktig heilt frå barneåra. Eit stort problem er all bruken av plast og at mykje av den vert spreidd i naturen. I føremiddag møtte vi den unge miljøreddaren Lavrans i fullt arbeid med å rydde langs elvekanten saman med bestefar Pål Haugland.

I det siste har vi lese fleire skrekkeksempel på kva fare all plasten er for dyreliv både på land og i havet. Aller meste kjent er nok den føle historia om kvalen på Sotra som viste seg å ha 30 bereposar i magen og måtte bøta med livet. Dette er eit døme som viser at plasten må haldast vekke frå naturen! Derfor er det viktig at vi her lokalt passer på at plast ikkje kjem på avvegar. Særleg er siloplast eit problem mange stader, den må sikrast så den ikkje fer med vinden, men også mykje annan plast svinar til.

Uskedal grunn- og elveeigarlag har tidlegare ved fleire høve oppfordra grunneigarane til å rydde langs elva. På siste årsmøte var det også tema. Derfor var det svært kjekt å treffa på unge og ivrige Lavrans som rydda langs elva på Haugland saman med bestefar sin. Sjølv om dette nok ikkje var verste strekninga, hadde dei funne mykje plast som fylte godt opp i den gamle, gode mjølkekjerra som dei brukte til å transportera uvesenet.

Det er tid for å rydda etter vinteren. Derfor er oppfordringa at fleire må gjera som flinke Lavrans. Og det gjeld ikkje berre langs elvekanten, men også andre stader der det ligg søppel etter vinteren.

Dersom andre born gjer ein flott rydde- og miljøjobb, er vi i uskedalen.no svært interessert både i foto og å høyra om dette.

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland